

---

**Fra:** Steinar Haukås <steinar.haukas@bkkfiber.no>  
**Sendt:** fredag 14. september 2018 22:21  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Innspel til kommuneplan - Mindre justering av  
reguleringsplan/flytebryggeareal i Vahaugen Bustadfelt  
**Vedlegg:** img002.jpg

Viser til Dykkar annonse i Strilen 22. juni 2018 og sender hermed eit lite innspel til kommuneplanen sin arealdel.

Dette innspillet vart også teke opp ved forrige evaluering av arealdelen, men vart då ikkje teke med vidare (Innspel nr.169), noko eg trur beror på ein misforståelse. (presiserer at eg vart ikkje kontakta i den forbindelse før dette vart beslutta)

Etter dette har det kome fleire konkrete ønskje frå fleire av bebuarane i Vahaugen Bustadområde om det er mulig å utvide flytebryggja som i dag berre har 20 plassar (i dag 8 naust og 19 boenheter i byggefeltet).

Samstundes har vi kome til at dette ikkje er mogleg å få til utan at vi får litt meir areal, dvs. at den ytre grensa (friluftsområde i sjø) av reguleringsplanen blir utvida med inntil 5 m (sjå skisse på vedlegg) og den indre grensa for småbåthamn vert utvida 10 m innanfor ny ytre grense). Håpar derfor at dette kan la seg gjera i den nye arealdelen.

Elles vil eg setja pris på å verta kontakta i den forbindelse slik at vi får avklart alle nødvendige detaljer.

Mvh  
Steinar Haukås  
Adr: Mykingvegen 61, 5913 Eikangervåg  
Tlf. 97043799